



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 07.08.2018
Vår ref.: 2018/13172-1
Saksbehandlar: karvik_
Dykkar ref.:

Eileen M Feste og Dina Dyrhovden

Ordninga med tildeling av kr 50 000 til fem regionale samarbeidsgrupper vert avvikla

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok 19. juni i år å avvikle ordning med tildeling av kr 50 000 til fem regionale samarbeidsgrupper for Den kulturelle skolesekken. Ordninga vert avvikla til fordel for sterkare satsing på programmet i grunnskulen.

Ordninga med fem regionale samarbeidsgrupper vart etablert i 2005 som eit ledd i at kommunane skulle vere partnerar i utviklinga av Den kulturelle skolesekken. - Kvar regional samarbeidsgruppe var representert i Rådet for Den kulturelle skolesekken i Hordaland. Føremålet med tildeling av kr 50 000 til kvar samarbeidsgruppe var å fremje regional prosjektutvikling som munna ut i konkrete turnétilbod til skuleelevar i dei respektive kommunane.

De kulturelle skolesekken er i dag ei varig ordning som er godt forankra i Hordaland fylkeskommune og alle kommunane i fylket. Kommunane kan samarbeide etter eige ønskje, og med dei kommunane dei ser det mest føremålstenleg å samarbeide med. Hordland fylkeskommune vil derfor ikkje definere slike samarbeid, og går bort frå tildeling til dei fem regionale samarbeidsgruppene som vart etablert i 2005. Midlane som har vore øyremerkt desse samarbeidsgruppene går inn i den totale summen til tiltak i grunnskulen, og vil såleis likevel delvis gå til kommunale tiltak.

Fordeling av spelemidlar til lokale tiltak i Den kulturelle skolesekken vert handsama 21. august.

Ronny Skaar
utviklingssjef

Charlotte Espeland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.